Sykkylven

Forskrift om SFO

Skulefritidsordninga i Sykkylven kommune







Vedtatt i Levekårsutvalet i Sykkylven kommune 21.10.2026

Innhaldsliste

Innleiing 0
§ 1 Heimel og verkeområde 0
§ 1-1 Heimel 0
§ 1-2 Verkeområde 0
§ 2 Føremål og retningsliner 0
§ 3 Inkludering og medverknad 1
§ 4 Eigarforhold og leiing 1
§ 4-1 Eigarforhold 1
§ 4-2 Leiing 1
§ 4-3 FAU og foreldremøte 1
§ 5 Opptak av elevar 2
§ 5-1 Opptaksmynde 2
§ 5-2 Opptakskriterium 2
§ 5-3 Hovudopptak 2
§ 5-4 Kjøp av enkeltdagar på SFO 3
§ 5-5 SFO-tilbod for elevar med særlege behov på 1.-7. trinn 3
§ 5-6 Klagerett 3
§ 6 Opphaldstilbod og prisar 3
§ 6-1 Tilbod 3
§ 6-2 Prisar 3
§ 6-3 Foreldrebetaling 3
§ 6-4 Tolv timar gratis SFO for elevar på 1.–3. trinn 4
§ 6-5 Redusert foreldrebetaling på grunn av låg inntekt 4
§ 6-6 Gratis SFO for elevar med særlege behov på 5.–7. trinn 4
§ 6-7 Søskenmoderasjon 5
§ 7 Endring av tildelt tilbod 5
§ 8 Oppseiing av plass 5
§ 9 Opningstider 5
§ 10 Langdagar i skuleferiar 6
§ 11 Måltid 6
§ 12 Bemanning 6
§ 13 Leike- og opphaldsareal 6

§ 14 Skyss til og frå SFO 6
§ 15 Reglar for orden, åtferd og trygt miljø i SFO 7
§ 17 Legemiddelhandtering 8
§ 18 Politiattest 8
§ 19 Teieplikt og opplysningsplikt 8
§ 20 Ulykkesforsikring 8
§ 21 Endring av lokal SFO-forskrift 8
§ 22 Iverksetjing 8

Innleiing

Lokal forskrift om skulefritidsordninga (heretter forkorta SFO) er felles for dei kommunale skulane i Sykkylven. Innanfor rammene til lokal forskrift og nasjonal rammeplan for SFO vert det gitt rom for skulevise variasjonar, satsingar og planar.

Forskrifta er fastsett av Levekårsutvalet i Sykkylven kommune 21. oktober 2026 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 4-5 sjette ledd og etter delegert mynde.

SFO er ikkje ein del av grunnskuleopplæringa og er eit frivillig tilbod. SFO i Sykkylven kommune skal drivast i samsvar med skulen sitt verdigrunnlag og sentralt vedtekne lover og forskrifter.

Kommunen pliktar å ha eit tilbod om SFO før og etter skuletid for 1.-4. trinn og for elevar med særlege behov på 1.-7. trinn. Kommunen har ikkje plikt til å ha SFO i skuleferiane. Elevar på 1.-3. trinn har rett til 12 timar gratis SFO per veke. Dersom kommunen tilbyr SFO i skuleferiane, gjeld retten til 12 timar gratis SFO også i desse vekene.

§ 1 Heimel og verkeområde

§ 1-1 Heimel

Lokal forskrift om SFO er heimla i opplæringslova § 4-5 sjette ledd og opplæringsforskrifta §§ 2-2 til 2-5. SFO er også underlagt forskrift om rammeplan for skulefritidsordninga og forskrift om helse og miljø i barnehagar, skular og skulefritidsordningar.

§ 1-2 Verkeområde

Forskrifta gir reglar om den kommunale skulefritidsordninga (SFO) i Sykkylven kommune, og gjeld for elevar på 1.-4. trinn og for elevar med særlege behov på 1.-7. trinn.

§ 2 Føremål og retningsliner

SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. I samarbeid og forståing med heimen skal SFO dekke behovet barna har for omsorg og tilsyn, og barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingskår. SFO skal også gi rom for rekreasjon og kvile. SFO skal fremje den fysiske og psykiske helsa til barna, og fremje trygge og gode relasjonar. Opplæringslova kapittel 12 (skulemiljøet til elevane) gjeld også for SFO.

SFO skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremje rørslegleda og den motoriske utviklinga til barna. Det skal leggast til rette for aktivitetar både innandørs og utandørs. SFO skal bidra til barna si meistring, livsglede og oppleving av eigenverdi.

Med utgangspunkt i barna si skaparglede, engasjement og utforskartrong skal SFO gi ei god ramme for heilskapleg utvikling og læring. SFO skal prioritere tid og rom for leik, både

gjennom sjølvvalde aktivitetar og vaksenstyrte aktivitetar. Dette skal vere tilpassa barn i ulik alder og med ulikt funksjonsnivå.

SFO skal også oppmuntre barna til å reflektere og handle etisk og miljøbevisst, vise solidaritet og ta gjennomtenkte val. SFO kan tilby tilrettelagde aktivitetar som støttar opp under innhaldet i skulen. Tilnærminga i SFO skal likevel vere anna enn i skulen. Leik og barnestyrt aktivitet skal ha stor plass.

SFO skal planlegge innhald og arbeidsmåtar, og arbeidet skal evaluerast jamleg. Med utgangspunkt i lokale forhold skal dette bidra til å realisere rammeplanen for SFO.

§ 3 Inkludering og medverknad

I planlegginga av innhaldet skal SFO vere bevisst på at aktivitetar også kan verke ekskluderande på enkeltbarn eller grupper. Dette kan til dømes vere på grunn av økonomi, behov for særskild tilrettelegging eller språkleg og kulturell bakgrunn. SFO skal vurdere korleis det heilskaplege tilbodet kan tilpassast for å vere mest mogleg inkluderande.

SFO skal aktivt bidra til å danne fellesskap der alle barn kan delta og få ei oppleving av å høyre til. SFO skal bidra til at barna opplever likeverd, sosial tilhøyrsle og sosialt fellesskap med andre barn og personalet. Dette føreset respekt for ulikskap og anerkjenning av mangfald, og kan også bidra til å jamne ut sosiale skilnadar.

SFO skal fremje demokrati. Barna har rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader. Dette gjeld også for innhaldet i SFO og i arbeidet for eit trygt og godt fysisk og psykososialt miljø. SFO skal også legge til rette for god dialog og samarbeid med dei føresette.

§ 4 Eigarforhold og leiing

§ 4-1 Eigarforhold

Sykkylven kommune ved kommunestyret er eigar av SFO ved kommunale skular. Etter delegeringsreglementet i kommunen er SFO lagt under Levekårsutvalet. Administrativt ligg SFO under kommunedirektøren, delegert til kommunalsjef oppvekst.

§ 4-2 Leiing

Rektor/einingsleiar har det overordna økonomiske, administrative og pedagogiske ansvaret for ordninga ved den enkelte skule. I tillegg skal skulen ha ein SFO-leiar som har ansvar for den daglege drifta av SFO. SFO-leiar er ein del av skulen sitt leiarteam og rapporterer til rektor.

§ 4-3 FAU og foreldremøte

Det skal veljast ein foreldrerepresentant til foreldra sitt arbeidsutval (FAU) blant foreldre/føresette som har barn i SFO. FAU fungerer som foreldreråd også for SFO. Foreldrekontakten skal sikre barna og føresette sine interesser i SFO og fungere som

bindeledd mellom barna, føresette og leiinga ved skulen og SFO. Alle føresette som har barn i SFO skal kallast inn til minst eitt foreldremøte i løpet av skuleåret.

Eit utvida FAU, som også inkluderer politisk representant, skal ha eitt møte i løpet av hausthalvåret og eitt møte i løpet av vårhalvåret. Utvida FAU fungerer som styre ved den enkelte skule. SFO-leiar har møte- og uttalerett i utvida FAU.

§ 5 Opptak av elevar

§ 5-1 Opptaksmynde

Rektor ved den enkelte skule er opptaksmynde. Vedtak blir fatta i samarbeid med SFO-leiar.

§ 5-2 Opptakskriterium

Eleven skal som hovudregel gå på SFO ved den skulen eleven går på. Kommunen skal dimensjonere tilbodet slik at elevar som søkjer innan den fastsette søknadsfristen, kan få retten oppfylt frå starten av det aktuelle SFO-året.

Elevar på 1.-3. trinn har rett til SFO-plass i eit omfang som gjer det mogleg å nytte retten til 12 timar gratis SFO per veke. For SFO-tid utover dei lovfesta 12 timane på 1.-3. trinn, og for elevar på 4. trinn, skal alle som søkjer så langt det er råd få tildelt plass. Dersom det er fleire søkjarar enn SFO har kapasitet til, blir elevar med særlege behov prioriterte framfor andre søkjarar.

§ 5-3 Hovudopptak

Hovudopptaket skjer om våren med søknadsfrist 1. mars og gjeld for oppstart ved starten av SFO-året. Elevar på 1.-3. trinn som søkjer innan fristen, har rett til 12 timar gratis SFO frå starten av det aktuelle SFO-året. For elevar på 1.-3. trinn som søkjer etter søknadsfristen, gjeld retten frå det tidspunktet eleven får plass.

Om det er ledige plassar, kan elevar bli tekne inn også i løpet av SFO-året. Elevane vert tildelte plass til dei går ut 4. trinn eller til skriftleg oppseiing vert levert frå føresette. Føresette treng ikkje søkje om fornya SFO-plass ved nytt SFO-år frå og med 2. trinn, med mindre dei ønskjer å endre type SFO-opphald.

Søknad om plass i SFO skal sendast elektronisk gjennom kommunen sitt til ei kvar tid gjeldande søknadssystem. Føresette skal stadfeste at dei er kjende med innhaldet i lokal SFO-forskrift før søknaden kan sendast.

SFO-året startar 1. august og vert avslutta 31. juli påfølgjande år. Den faktiske oppstarten og avslutninga av opphaldstilbodet kan variere frå år til år, avhengig av plasseringa av kommunen sin fellesferie og SFO sine planleggingsdagar. Datoane går fram av den årlege SFO-ruta på kommunen sine nettsider. For retten til gratis SFO etter § 6-4 blir trinnskiftet rekna frå 1. august.

§ 5-4 Kjøp av enkeltdagar på SFO

Barneskulane i Sykkylven kommune kan unntaksvis tildele elevar dagsopphald i SFO for å avhjelpe heilt spesielle situasjonar. Dette er meint som ei moglegheit for å avhjelpe eit kortvarig behov, for eksempel ved sjukdom, familiar med spesielle behov eller hendingar som ikkje kan planleggast, og skal ikkje vare meir enn nokre få dagar. Dagsprisen er oppgitt på kommunen sine nettsider.

§ 5-5 SFO-tilbod for elevar med særlege behov på 1.-7. trinn

Kommunen skal ha SFO-tilbod for elevar med særlege behov på 1.-7. trinn. For elevar på 5.-7. trinn skal behovet vurderast konkret på grunnlag av opplysningane i saka. Kommunen kan be om den dokumentasjonen som er nødvendig for å vurdere om eleven har særlege behov for SFO. Opplysningar frå føresette, skulen, helse- og omsorgstenester og andre som kjenner eleven, kan inngå i vurderinga.

Tilbodet til elevar med særlege behov på 5.-7. trinn er utan foreldrebetaling, jf. opplæringsforskrifta § 2-3. Kommunen kan krevje betaling for kost.

Elevar med særlege behov har ikkje rett til individuelt tilrettelagd opplæring i SFO fordi SFO ikkje er ein del av grunnskuleopplæringa. PP-tenesta er ikkje sakkunnig instans for SFO. Kommunen kan likevel legge vekt på råd og vurderingar frå instansar som kjenner eleven og kan ha relevant informasjon om behov og funksjonsnivå.

§ 5-6 Klagerett

Tildeling av plass og avslag på søknad om plass er enkeltvedtak med klagerett etter forvaltningslova. Formannskapet er klageinstans, dersom ikkje anna følgjer av kommunen sitt gjeldande delegeringsreglement.

§ 6 Opphaldstilbod og prisar

§ 6-1 Tilbod

Sykkylven kommune tilbyr ulike SFO-tilbod med differensierte opphaldstider og prisar. Informasjon om tilboda skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg på kommunen sine nettsider. Endringar av SFO-tilbod skal godkjennast av Levekårsutvalet. Alle tilbod skal organiserast slik at retten til 12 timar gratis SFO på 1.-3. trinn kan oppfyllast.

§ 6-2 Prisar

SFO er finansiert av foreldrebetaling og Sykkylven kommune. Satsen for foreldrebetalinga vert fastsett av kommunestyret årleg. Eventuelle endringar gjeld frå 1. januar og vert oppdaterte på nettsidene til kommunen.

§ 6-3 Foreldrebetaling

Følgjande reglar gjeld for foreldrebetalinga:

- Foreldrebetaling skal krevjast inn med 11 betalingsterminar (månadar), frå 1. august til og med 30. juni. Juli er betalingsfri. Foreldrebetalinga vert kravd inn for heile månadar. For elevar som blir innmelde etter skulestart, vert det kravd foreldrebetaling frå og med den 1. i månaden eleven er meldt inn i den betalingspliktige delen av ordninga.
- Det blir ikkje gitt fråtrekk for fråvær. Ved langvarig sjukdom kan familiar søkje om permisjon og betalingsfritak, jf. § 7.
- Manglande foreldrebetaling kan gi grunnlag for oppseiing av den betalingspliktige delen av SFO-plassen etter skriftleg varsel. Dette kan ikkje føre til at ein elev på 1.-3. trinn mistar eller får avgrensa den lovfesta retten til 12 timar gratis SFO per veke.
- Dersom ein familie har utestående restansar for opphald i SFO eller barnehage, kan dette ikkje vere til hinder for at ein elev på 1.-3. trinn får oppfylt retten til 12 timar gratis SFO. For betalingspliktig SFO-tid utover den lovfesta retten kan kommunen følgje ordinære reglar for innkrevjing og oppseiing.
- Betaling for kost (mat) kjem i tillegg til ordinær foreldrebetaling og kan også krevjast for dei 12 gratis timane.

§ 6-4 Tolv timar gratis SFO for elevar på 1.–3. trinn

Elevar på 1.-3. trinn har rett til 12 klokketimar gratis SFO per veke. Dei 12 timane kan ikkje overførast til ei anna veke eller reknast som gjennomsnitt over fleire veker.

I ordinære skuleveker med fem SFO-dagar er gratistida fordelt på alle fem dagane. Gratistida er 2 timar og 24 minutt kvar dag, rekna frå skuleslutt. Dette gir til saman 12 klokketimar per veke.

I veker der det ikkje er ordinær undervisning på éin eller fleire av dagane SFO held ope, blir dei 12 gratis klokketimane fordelt annleis enn i ordinære skuleveker. SFO skal informere føresette om kva dagar og tidspunkt gratistimane gjeld.

Gratistimane kan ikkje nyttast på andre tidspunkt innanfor opningstida. Opphald utanfor dei fastsette gratistidene inngår i den betalingspliktige delen av SFO-tilbodet.

Kommunen kan krevje betaling for kost.

§ 6-5 Redusert foreldrebetaling på grunn av låg inntekt

Kommunen skal etter søknad redusere foreldrebetalinga for SFO på 1.-4. trinn i samsvar med opplæringsforskrifta §§ 2-4 og 2-5.

Foreldrebetalinga per elev skal ikkje overstige seks prosent av inntektene til hushaldet når vilkåra i forskrifta er oppfylte.

Når ein søknad om redusert foreldrebetaling er innvilga for ein elev på 1.-3. trinn, skal kommunen deretter trekkje frå verdien av dei 12 gratistimane i foreldrebetalinga.

Kommunen kan krevje betaling for kost.

§ 6-6 Gratis SFO for elevar med særlege behov på 5.–7. trinn

Elevar med særlege behov på 5.-7. trinn som får SFO-tilbod etter § 5-5, skal ha tilbodet gratis i samsvar med opplæringsforskrifta § 2-3. Kommunen kan krevje betaling for kost.

§ 6-7 Søskenmoderasjon

Dersom fleire barn i same familie har SFO-plass, gir Sykkylven kommune søskenmoderasjon på 25 prosent for barn nummer to og 40 prosent frå og med barn nummer tre.

§ 7 Endring av tildelt tilbod

Endring av tildelt tilbod i løpet av SFO-året skal avgjerast av SFO/skulen etter skriftleg varsel/søknad frå føresette i kommunen sitt elektroniske system.

- Auke av opphaldstid kan gjerast straks dersom det er plass i SFO.
- Reduksjon av betalingspliktig opphaldstid har oppseiingsfrist på to månadar, gjeldande frå den 1. i etterfølgjande månad. Ein må betale for den betalingspliktige plassen i oppseiingstida sjølv om ein ikkje nyttar heile plassen.

Elevar på 1.-3. trinn kan redusere den betalingspliktige delen av plassen og framleis behalde retten til 12 timar gratis SFO etter § 6-4. Endringsreglane kan ikkje avgrense denne lovfesta retten.

Barn i SFO som på grunn av alvorleg og langvarig sjukdom må ha permisjon eller gå ut av den betalingspliktige delen av ordninga, kan etter søknad få avkorta opphaldsbetaling eller oppseiingstid. Kommunen kan krevje nødvendig dokumentasjon.

§ 8 Oppseiing av plass

SFO-plassen skal seiast opp skriftleg. Oppseiingstida er to månadar og gjeld frå den 1. i etterfølgjande månad. Ein må betale for den betalingspliktige plassen i oppseiingstida sjølv om ein ikkje nyttar den. Dersom den betalingspliktige plassen vert sagt opp etter 31. mars, må ein betale ut skuleåret til og med juni.

For elevar på 1.-3. trinn kan oppseiing av den betalingspliktige delen av plassen ikkje tolkast som at eleven seier frå seg den lovfesta retten til 12 timar gratis SFO, med mindre føresette uttrykkeleg melder eleven heilt ut av SFO.

§ 9 Opningstider

SFO har følgjande opningstider:

- Frå klokka 07.15 til skulestart.
- Frå skuleslutt til klokka 16.15.
- Langdagar i skuleferiar/skulestengde dagar: klokka 07.15-16.15.

SFO held stengt laurdagar, søndagar og heilagdagar, fem planleggingsdagar, julaftan, i romjula, i påskeveka og fire veker i fellesferien (sommarferie). Den årlege SFO-ruta viser nøyaktige opnings- og stengedagar.

§ 10 Langdagar i skuleferiar

Langdagar er dagar der det ikkje er undervisning. SFO held desse dagane ope klokka 07.15-16.15. Oversikt over langdagane går fram av den årlege SFO-ruta. Det er bindande påmelding til langdagar.

I skuleferiar kan to eller fleire skulefritidsordningar samarbeide om å tilby heildagstilbod. Samarbeid mellom dei kommunale SFO-ordningane kan vere aktuelt for å kunne gi eit tilbod når det er få elevar påmeldt på éin skule. Det må vere minst sju påmelde barn på den enkelte skule for at SFO skal halde ope på langdagar.

Når kommunen tilbyr SFO i ei skuleferieveke, skal elevar på 1.-3. trinn få 12 timar gratis SFO etter tidsrammene i § 6-4.

§ 11 Måltid

Alle SFO-avdelingane skal ha fruktservering. Elles er det opp til den enkelte avdelinga om tilbodet skal baserast på servering av måltid eller matpakke. Dersom SFO-avdelinga vel å ta betaling for matservering, skal prisen ikkje overstige sjølvkost.

§ 12 Bemanning

Bemanninga vert tilpassa behov på dei ulike SFO-ordningane av rektor/einingsleiar i samarbeid med SFO-leiar. Bemanninga skal stå i forhold til talet på barn som er til stades, barna sin alder og føresetnader, aktivitetane som blir gjennomførte og behovet for tilrettelegging for enkelte barn eller grupper av barn.

Det er ikkje fastsett nasjonal bemanningsnorm eller nasjonalt kompetansekrav for personale i SFO. Bemanninga skal likevel vere forsvarleg og tilstrekkeleg til at SFO kan oppfylle krava i opplæringslova, rammeplanen og regelverket om helse, miljø og tryggleik. Barn med særlege behov for ekstra tilsyn og omsorg kan utløyse tilleggsressursar i SFO.

Skulefritidsordninga er ansvarleg for barna sin tryggleik. Tilsynet må i praksis vere forsvarleg ut frå risikoen for at skade eller ulykke kan skje, jf. forskrift om helse og miljø i barnehagar, skular og skulefritidsordningar.

§ 13 Leike- og opphaldsareal

SFO har base ved kvar barneskule og har tilgang til nødvendige tilleggsareal på skulen. SFO kan nytte skulen sitt areal både ute og inne. Arealet inne og ute skal vere tilpassa den aktiviteten som vert driven i den enkelte SFO-avdelinga.

§ 14 Skyss til og frå SFO

Elevar som har plass i SFO og som på grunn av nedsett funksjonsevne, mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til gratis skyss til og frå SFO etter

opplæringslova § 4-1. Retten gjeld uavhengig av avstanden mellom heimen og SFO-avdelinga og gjeld ikkje i skuleferiane.

Søknad om tilrettelagd skyss skal sendast til kommunen. Kommunen kan be om den dokumentasjonen som er nødvendig for å vurdere om vilkåra for skyss er oppfylte.

Elevar som har rett til ordinær skuleskyss på grunn av avstand eller særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, har ikkje av den grunn rett til skyss til og frå SFO.

§ 15 Reglar for orden, åtferd og trygt miljø i SFO

Forskrift om skulereglar for grunnskulen i Sykkylven kommune gjeld ikkje for SFO. Følgjande reglar gjeld i SFO:

- Barna skal vise omsyn og respekt for andre og bidra til eit trygt og inkluderande miljø.
- Barna skal følgje rimelege beskjedar frå dei tilsette når dette er nødvendig av omsyn til tryggleik, aktivitetar og forsvarleg drift.
- Vald, truslar, mobbing, diskriminering, trakassering og andre krenkingar er ikkje tillatne.
- Barn skal ikkje ta med eller bruke rusmiddel eller farlege gjenstandar.
- Barna skal ta vare på utstyr, inventar og lokale.

Ved brot på reglane skal SFO som hovudregel møte barnet med samtale, rettleiing og samarbeid med føresette. Tiltak skal vere saklege, førehaldsmessige og tilpassa barnet. Barnet skal få høve til å uttale seg, og barnet sitt beste skal vere eit grunnleggande omsyn.

Oppseiing eller utestenging frå dei 12 lovfesta gratistimane på 1.-3. trinn kan ikkje brukast som reaksjon på åtferd. Opplæringslova kapittel 12 om eit trygt og godt skulemiljø gjeld for SFO.

Tilsette i SFO kan berre gripe inn fysisk mot elevar når vilkåra i opplæringslova kapittel 13 er oppfylte. SFO skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å førebyggje situasjonar der fysiske inngrep blir nødvendig, og reglane om meldeplikt og dokumentasjon skal følgjast.

§ 16 Gebyr ved for sein henting

Føresette har ansvar for at barnet blir henta innan den fastsette opphaldstida og seinast ved SFO si stengetid.

Ved henting etter SFO si stengetid kan kommunen krevje gebyr for å dekkje ekstra løns- og driftskostnader. Gebyret gjeld også ved for sein henting frå eit tilbod med 12 timar gratis SFO.

Storleiken på gebyret blir fastsett av kommunestyret i samband med det årlege betalingsregulativet.

§ 17 Legemiddelhandtering

SFO skal følgje dei same rutinane for legemiddelhandtering og medisinering som gjeld for barn i barnehagen og skulen. Rutinane er tilgjengelege på kommunen sine nettsider.

§ 18 Politiattest

Personar som skal tilsetjast fast eller mellombels i SFO, skal legge fram politiattest i samsvar med opplæringslova § 17-11 og tilhøyrande forskriftsreglar. Reglane om politiattest for personar i praksis og andre som utfører oppgåver i SFO skal følgjast.

§ 19 Teieplikt og opplysningsplikt

Tilsette og andre som utfører arbeid eller teneste i SFO har teieplikt etter gjeldande reglar i forvaltningslova og anna relevant lovverk. Tilsette har opplysningsplikt til barnevernet og andre offentlege instansar når vilkåra i lovverket er oppfylte.

§ 20 Ulykkesforsikring

I Sykkylven kommune er barna i SFO forsikra gjennom same forsikringsordning som gjeld for skuleelevar. Dette gjeld dersom det oppstår skade under opphald i SFO eller deltaking i aktivitetar arrangert av SFO.

§ 21 Endring av lokal SFO-forskrift

Endring av denne forskrifta skal vedtakast av Levekårsutvalet, i samsvar med gjeldande delegeringsreglement.

§ 22 Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft 01.01.2027. Frå same tidspunkt blir forskrift 13.11.2024 nr. 2776 om SFO, skulefritidsordninga, Sykkylven kommune, Møre og Romsdal, oppheva.